



Elin Legland (Sp, til høgre) drøfter ungdomsskule-tanken sin med Gunn Mari Moberg (H).(Foto: Ola Matti Mathisen)

- Bygg ein felles ungdomsskule for "fastlands-Kvinnherad" sentralt i Uskedalen! Dette var det friskaste innspelet som kom under ettervalmøtet i Gamleskulen tysdag kveld og det var Elin Legland (vara for Senterpartiet) som kom med det.

Det var nærare 40 til stades på møtet som Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedalen Utvikling skipa til. Møtet var svært innhaldsrikt og matnyttig både for politikarar, varafolk og andre.

Legland viste til dei store vedlikehaldskostnadene som nå kjem på ungdomsskulen i Rosendal.

- Det er ikkje noko problem for ungdommen å reisa litt, sa Legland, som også meinte at dette er ein måte å dempa bygdekonfliktane på.

Ein ungdomsskule som den ho her ser for seg vil få rundt 500 elevar.

Bjarne Lilleås (ny Venstre-representant) støtta tanken frå Legland og streka under at det er nødvendig å se fordomsfritt på skulestrukturen. Tanken om ein ny ungdomsskule på Halsnøy meinte han var urealistisk.

Møteleiar Kristian Bringedal hadde denne kommentaren: - Det er ein kjempe-ide!



Torfinn Myklebust (IP): - Sats på Børnes!
(Foto: Ola Matti Mathisen)



Frp-politikar Tove Lill Lakselv fekk
mange viktige Uskedal-saker på blokka
si. (Foto: Ola Matti Mathisen)



Morten Harsvik presenterte
bustadprosjektet sitt, som han meinte vil
gå glatt igjennom i kommunen. (Foto:
Ola Matti Mathisen)

Men det var sjølvsagt først og fremst barneskulen som vart omtala. Rektor Vidar Haugland sa at Uskedalen står på tredje plass på prioriteringslista til skuleutvalet og om anslaget på 10 millionar sa han at "det høyrest bra ut".
- Det er nok pengar til at vi kan riva ned den eldste skulebygningen. Den er så dårleg at den fell truleg frå kvarandre når vi tek i den. Den har ikkje ventilasjon bortsett frå når det bles, sa Haugland, som vona at arbeidet kan koma i gang i 2008.

Men han medga at situasjonen ved ungdomsskulen i Rosendal er mykje verre og at det er viktigare å få gjort noko der enn i Uskedalen.

FAU i Uskedalen skal drøfte utvalsinnstillinga på det neste møtet sitt, den 20. oktober.

Bjarne Lilleås opplyste at fleirtalskoalisjonen er innstilt på å ta opp skulesituasjonen ganske raskt..

Tove Lill Lakselv (Frp) trudde ikkje at uskedalingane har nokon grunn til å vera redde for skulen sin. Difor har heller ikkje FAU her laga noko nytt reknestykke slik dei har gjort andre stader i kommunen. Likevel bør utvalet sjå på tala på ny.

Morten Harsvik meinte det kan vera bra for ungene å gå på ein større skule, gjerne i ei anna bygd. Han gjekk inn for at ein ser på kva ungene treng og ikkje legg foreldra sine behov til grunn.

Kjell Yri (vara for Venstre) uttrykte seg slik:: - Problemet er drifta – det blir for mange klasser og for få elevar. Det kan vera aktuelt å slå saman klasser, til dømes frå Uskedalen og Bringedalsbygda. Vi er ikkje trygge her i Uskedalen. Bringedalsbygda her ein god skule og det kan bli billigare å satse der.

Eit anna hovudpunkt under møtet var kva som skal og bør skje på Børnes industriområde.

Torfinn Myklebust (IP) streka under at samarbeidspartia vil prioritera næringslivet sterkare i dei neste fire åra enn det har vore gjort i denne perioden. På Børnes er det mange eigarar og kommunen må vera ein positiv koordinator. Til no har det frå tid til annan skjedd ei trening i kommuneadministrasjonen, meinte Myklebust,

som minte om at det er avsett 100.000 kroner til profilering av industriareal. Men først må det ryddast opp på Børnes.

Morten Harsvik sa at Børnes no ser ut som eit bombekrater.

Svein Arne Eidsvik opplyste at kommunen ikkje eig så mykje der no. Området frå Mesta og fram til hovudvegen er på private hender.

- Der kunne det bli eit ypperleg areal for til dømes Solheim Glass, som har vore på jakt lenge, sa Eidsvik.

Av Ola Matti Mathisen



Venstre-politikar Bjarne Lilleås saman med bedriftsleiar Marit Hjørneveg (Foto: Ola Matti Mathisen)